



Myking Indremisjon
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6798 - 20/17086

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2020

Retting avvik i septiktank gbnr 11/11 Myking Indremisjon

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 11/11
Tiltakshavar: Myking Indremisjon

Vi viser til vårt brev av 12.03.2020 og til dykkar epost av 26.03.2020 der tema er avvik i septiktanken tilkopa huset til Myking Indremisjon, og der de ønskjer innspel til korleis reparasjonen kan gjerast på rimelegaste måte.

Underteikna har den 27.03.2020 vore i kontakt med NORVA24 AS og fått følgjande forslag til kva som må gjerast med septiktanken.

Ved siste tømning viste det seg at tanken er heilt tørr. Dette kan tyde på lekkasje. Dersom det viser seg at det er lekkasje i tanken, må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak for utbetring.

For tiltak som gjeld betonglokket eller liknande kan de sjølv utføra arbeidet. I følgje Norva24 AS sine notater etter siste tømning, ligg betonglokket slik til at det renn grus ned i tanken. I tillegg er det hull i grunnen like ved tanken, sjå vedlagte bilete. Dette fører og til at grus og sand renn ned i tanken, slik at den ikkje fungerer slik den skal. Norva24 AS meiner at de kan sjølve tette hullet i bakken og tømme tanken for grus. Tiltak som ikkje vil medføre noko stor kostnad. Det vil då og vere mogleg å sjå om det er lekkasje i tanken, eller om den er heilt tørr fordi huset er lite i bruk.

Frist for arbeidet vert sett til opprinneleg dato, som er den 05.06.2020.

De er velkomen til å ta kontakt med Norva24 AS direkte, telefon nummer 5778 1170, dersom de treng fleire opplysningar om utbetring som kan gjerast sjølv. Dei anbefaler og at det ved neste tømning blir bestilt spyling av tanken.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga dykk å utbetre tilhøvet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Når tilstanden er reparert, må de fylle ut tidlegare tilsendte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bilete anlegg - id 139260 gbnr 11-11

Mottakarar:

Myking Indremisjon

5957

MYKING